



KONGELEG RESOLUSJON

Olje- og energidepartementet

Ref.nr.:

20/88-

Statsråd: Tina Bru

Saksnr.:

Dato: 12. juni 2020

Fastsetjing av forskrift til havenergilova

Bakgrunn

Lov av 4. juni 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova) set rammene for utnytting av fornybare energiressursar til havs. Lova fastset at fornybar energiproduksjon til havs utanfor grunnlinjene som hovudregel berre kan skje etter at staten har opna område for søknadar om konsesjon.

Som ei oppfølging av regjeringa sin strategi for flytande vindkraft i Prop. 1 S (2017-2018) har Olje- og energidepartementet hatt på høyring eit forslag om å opne to område for fornybar energiproduksjon til havs, og om innspel på eit tredje område. Ei opning av område inneber at det vert høve til å søke konsesjon til fornybar energiproduksjon innanfor området. Forslaget om å opne område var følgd av eit forslag til forskrift om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilovforskrifta). Det er føremålstenleg med meir detaljerte reguleringar i ei forskrift. For å gje rettleiing og klargjere rammer for aktørar som ønsker å utvikle prosjekt er det naudsynt å klargjere mellom anna rekkefølge og dokumentasjonskrav i ei forskrift.

Departementet har lagt vekt på at prosessen fram mot eventuell tildeling av konsesjon skal vere effektiv, samstundes som han gjev rom for høyringar og utgreiingar som grunnlag for ei forsvarleg avgjerd i konsesjonsspørsmålet.

Både forslaget til opning av område og forslaget til forskrift var på høyring frå 2. juli til 1. november 2019. Det kom inn om lag 300 innspel i høyringa.

Departementet foreslår at forskrifta trer i kraft 1. januar 2021.

Frå same dag føreslår departementet opning av område for fornybar produksjon til havs. Dette forslaget er omhandla i eigen kongeleg resolusjon.

Nærare om forslaget

Konsesjonsprosessen

Forslaget til forskrift klargjer prosessen for handsaming av søknadar om konsesjonar. Mellom dei viktige omsyna som ligg til grunn for departementet sitt forslag har vore å sikre ein likskap med konsesjonsprosessen for vindkraft på land, som samstundes tek omsyn til særtekka ved energiprojekt som utviklast til havs.

Bortsett frå dei tekniske skilnadane mellom vindkraftverk på land og til havs, er ein sentral skilnad at det ikkje er privat eigedomsrett til havs. Utbyggjarar på land vil ofte ha ein avtale om bruk av areal med ein grunneigar før dei søker konsesjon. Til havs vil staten avgjere kven som har rett til ulike typar arealbruk, i tillegg til å vurdere konsesjonsspørsmålet. I motsetnad til på land, ligg det også allereie føre ei strategisk konsekvensutgreiing av areala som vert opna etter havenergilova.

Melding med framlegg til konsekvensutgreiing, konsesjonssøknad og detaljplan

I forslaget til forskrift vert det lagt opp til ein konsesjonsprosess som startar med at prosjektutviklar sender inn ei melding med forslag til program for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Programmet vert sendt på høyring.

Dersom departementet fastset programmet for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, gjeld dette for ein spesifisert del av eit opna område. Departementet kan endre området, og i forskrifta er slike område definert som prosjektområde. Tiltakshavar vil ha to år på å sende inn konsesjonssøknad etter at programmet for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing har vorte fastsett.

Departementet har lagt til grunn at det er kostbart å utvikle eit prosjekt for produksjon av fornybar energi til havs, særleg å gjere undersøkingar i samband med den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga. Departementet legg difor opp til at ein ikkje kan fastsetje fleire utgreiingsprogram for same areal samstundes.

Myndighetene kan ha behov for styring med eventuelle meldingar i dei opna områda. Det kan til dømes kome fleire meldingar i same tidsrom eller i nærliggande område. Det kan vere naudsynt å sjå slike meldingar i samanheng og kunne ha kontroll med kva for meldingar og område ein skal gå vidare med. Det går difor fram av forskrifta at departementet kan fastsetje utgreiingsprogrammet. Dette inneber at departementet ikkje har plikt til å godkjenne eit utgreiingsprogram sjølv om det ikkje er noko i vegen med meldinga eller programmet i seg sjølv. Departementet vil i samband med ei fastsetjing av utgreiingsprogrammet også kunne fastsetje nærare kva for område som skal konsekvensutgreiast og kor det ikkje vil vere muleg for andre å sende inn melding. Departementet må også kunne la ei melding liggje ei tid for å ha kontroll og kunne sjå ulike meldingar i samanheng.

Dersom det vert levert ein konsesjonssøknad innan fristen, vil departementet handsame søknaden. Departementet avgjer om det skal gjevast konsesjon. Kongen er klageinstans.

Etter at det er gjeve konsesjon må det sendast inn ein detaljplan innan to år. Etter at detaljplan er godkjend må anlegget byggast innan tre år.

I forslaget til forskrift vert det lagt opp til at det kan stillast vilkår i samband med konsesjonsvedtak og detaljplan.

Forslaget legg opp til at fristane for å søke om konsesjon og detaljplan, samt fristen for å setje anlegget i drift, kan forlengast med inntil to år av gangen.

Handsamingsgebyr

Til skilnad frå på land, ligg retten til å utnytte energiresursane til havs til staten, og dei som får konsesjon til å drive fornybar energiproduksjon til havs vil få ein eksklusiv rett til å drive denne typen aktivitet på eit areal.

Olje- og energidepartementet foreslår å innføre eit gebyr som vert fastsett av departementet for handsaming av melding med forslag til program for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Departementet meiner aktørane skal dekke delar av dei administrative kostnadane staten vil ha med å handsame eventuelle meldingar. Dersom departementet fastset utgreiingsprogrammet gjev det også ein eksklusiv rett i to år til å planlegge fornybar energiproduksjon på eit areal, og ei avgift vil bidra til å identifisere søkarar som har reelle planar om utbygging.

Etter departementet sitt syn er nivået i dag på 100 000 kroner i pakt med Finansdepartementet sitt rundskriv R-112/15 om statleg gebyr- og avgiftsfinansiering. Eit viktig omsyn i rundskrivet er at nivået på eit gebyr ikkje må overstige dei gjennomsnittlege kostnadane staten har med å handsame meldinga og godkjenne programmet for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing.

Tilhøvet til petroleumsutvinning

Det har vore petroleumsverksemd på norsk sokkel sidan midt på 1960-talet. Verksemda har interesser både i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet. Departementet har gjort ei vurdering av dei tekniske, praktiske og juridiske problemstillingane som oppstår dersom det vert planlagt og installert vindkraftverk i område som er interessante for petroleumsnæringa, mellom anna basert på ei vurdering frå Oljedirektoratet (OD).

Ein konklusjon frå OD si vurdering er at etablering av vindkraftverk til havs vil gjere det mindre aktuelt for oljebransjen å hente inn kunnskap om petroleumsressursar der vindkraftverket er enn andre stadar i havområda. Der det står eit vindkraftverk kan det tenkast at det er petroleumsressursar som ikkje blir oppdaga.

Olje- og energidepartementet gjev løyve både til utvinning av petroleum etter petroleumslova og til produksjon av fornybar energi etter havenergilova. Departementet vil slik ha god oversikt over tildelte rettar, og kan difor unngå motstrid og sjå desse i samanheng når rettar skal tildelast.

Utvinningsløyve for petroleum inneheld eit arbeidsprogram der hovudføremålet er å finne eventuelle petroleumsførekomstar. Løyva er tidsavgrensa. Når arbeidsprogrammet er gjennomført, vil det anten bli søkt godkjenning av plan for utbygging og drift på eit mindre område, og resten av området vil bli tilbakelevert, eller heile området vil bli tilbakelevert.

Petroleum er stadbundne ressursar som må leitast etter og utvinnast der dei finst. Innanfor eit område som er opna for vindkraftproduksjon kan den nærare lokaliseringa av vindkraftanlegga tilpassast andre interesser og verksemdar i området, mellom anna petroleum.

I samband med opning av eit område for vindkraft kan det setjast ei grense for kor stor utbygging av vindkraft som kan tillatast i området. Dette legg til rette for at vindkraftanlegga kan plasserast innanfor det opna området slik at dei er minst muleg til ulempe for andre interesser og verksemdar i det same opna området.

Departementet legg til grunn at det ikkje kan gjevast konsesjon til vindkraft der det er gjeve utvinningsløyve for petroleum, med mindre det er varsla i utvinningsløyvet at det kan bli aktuelt med vindkraft i området eller det er gjort avtale med den som har utvinningsløyvet.

Når departementet har fastsett eit program for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, og dermed definert eit prosjektområde for eit vindkraftprosjekt, vert det lagt til grunn at slikt varsel vert gitt i samband med eventuelle nye utvinningsløyve for petroleum innanfor same område.

Det bør elles ikkje gjevast slikt varsel for utvinningsløyve for petroleum innanfor område som er opna for verksemd etter havenergilova. Dette ville i så fall skape ei usikkerheit for petroleumsverksemda som ikkje er naudsynt. Sidan områda som opnast etter havenergilova er relativt store og berre ein mindre del av dette skal utnyttast, bør det vere muleg å finne eigna prosjektområde utanfor der det er utvinningsløyve for petroleum.

God dialog må stå sentralt mellom dei som har utvinningsløyve for petroleum og dei som arbeider med vindkraftprosjekt for å legge til rette for sameksistens. Dette gjeld særleg dersom det vert gjeve utvinningsløyve til petroleum innanfor eit prosjektområde for vindkraft.

Departementet meiner at tidleg kontakt mellom petroleums- og fornybarinteressene vil vere viktig for å sikre god koordinering og eit godt kunnskapsgrunnlag for departementet.

Ettersom petroleum er en stadbunden ressurs må det også kunne gjevast undersøkingsløyve og utvinningsløyve for petroleum innanfor eit område der det er gjeve konsesjon etter havenergilova, også der det er etablert eit vindkraftverk. Dersom det skal gjevast undersøkingsløyve eller utvinningsløyve i eit slikt område blir det særleg viktig at aktørane legg til rette for sameksistens. Dersom aktørane ikkje sjølve finn løysingar bør departementet kunne fastsetje korleis verksemda skal skje. Når det blir gjeve konsesjon til vindkraft i eit område som kan vere interessant for petroleumsverksemd kan det difor bli aktuelt å stille som vilkår at departementet kan avgjere at vindkraftverksemda skal tilpassast, eventuelt mot kompensasjon.

Høyringsinnspel og departementet sine vurderingar

Generelle og overordna merknadar

Høyringsinnspel

Fleire av høyringspartane ytra seg om tilhøve som ikkje er føreslått regulert i forskrifta.

Nordic Wind meiner statlege myndigheiter har ansvar for å legge til rette for optimal verdiskaping lokalt når det blir etablert vindkraftverk til havs, og at det må leggest til rette for produksjon av fossilfrie hydrokarbonar.

Fellesnemnda for nye Stavanger kommune peikar på viktigheita av nasjonal eigarskap innan vindkraft.

Offshore Power Plant meiner forskrifta bør vere open for ny og innovativ teknologi.

Norwegian Energy Solutions peikar på at det kan vere viktig med mulegheit for avskrivning av tap.

Departementet sine merknadar

Føremålet med forskrifta er å regulere arealbruken, og å sikre ei forvaltning som tek omsyn til allmenne og private interesser gjennom konsesjonshandsaminga. Departementet meiner det ikkje er noko grunnlag for å stille krav om offentleg eigarskap eller heimfall slik eigarskapen er regulert for vasskraft. Det er ikkje privat eigarskap til havs slik det er for grunn og fall nytta for vasskraft.

For sjølve vindkraftanlegget er den største innsatsfaktoren ved etablering turbinane, som har ei teknisk levetid på 25-30 år. Dette samsvarar med varigheita til ein konsesjon etter havenergilova. Ved nedlegging av vindkraftverk etter at levetida er nådd, fell det betydelege kostnader på konsesjonæren som eigar til fjerning av anlegget. Skal vindkraftverket drivast vidare, vil det vere naudsynt med betydelege investeringar i nye turbinar, montering mv. basert på ny konsesjon etter konsesjonshandsaming og etter at nye konsekvensutgreiingar er gjennomførde.

Kapittel 1 – Innleiande føresegner

Forslag om føremål

Fleire høyringspartar har spela inn forslag til endra føremålsparagraf anten i havenergilova eller i havenergiforskrifta.

Landsorganisasjonen i Noreg (LO) meiner både havenergilova og forskrifta tydeleg bør stadfeste at vindenergien er eigd av folket og at samfunnet skal kunne ta del i verdiskapinga frå energiproduksjon i havet.

Aker Solutions og *Kværner* meiner havenergilova bør få ei målformulering om at utnytting av havenergiressursane skal komme det norske samfunnet til gode.

Norges Rederiforbund føreslår at forskrifta tek inn ei formulering av føremål tilsvarande petroleumslova § 1-2 andre ledd og at nasjonale ringverknader og utvikling av norsk leverandørindustri bør vere eit sentralt kriterium for konsesjon. Dei viser også til den kvalitative vurderinga som vert gjort ved vurderinga av søknadar etter petroleumslovgevinga.

Departementet si vurdering

Departementet meiner at forskrifta ikkje kan ha eit anna føremål enn havenergilova, og tilrår ikkje endringar i forskrifta på dette punktet. Departementet merkar seg likevel innspela, som vil vere aktuelle å vurdere dersom det blir aktuelt å føreslå endringar i havenergilova.

§ 1. Verkeområde

Forskrifta sitt verkeområde er det same som i havenergilova, jf. forslag til forskrifta § 1 første ledd. Forskrifta gjeld fornybar energiproduksjon, omforming og overføring av elektrisk energi, som nemnd i havenergilova § 1-2.

Forslaget til forskrift § 1 andre ledd legg opp til at havenergilova også regulerer arealdisponering innanfor grunnlinja med produksjon av fornybar energi som føremål. Under arbeidet med å identifisere utgreiingsområde for vindkraft til havs, vurderte departementet også område innanfor grunnlinja, og fleire av dei identifiserte områda ligg heilt eller delvis innanfor grunnlinja.

Departementet føreslo i høyringa at prinsippet i havenergilova § 2-2 om at område til havs må opnast av Kongen før det kan søkast konsesjon, vert utvida til å gjelde også innanfor grunnlinja, jf. havenergilova § 1-2 sjuande ledd.

Utvidinga av verkeområdet til havenergilova § 2-2, vil slik departementet ser det, sikre ei heilskapleg forvaltning av areal som kan nyttast til fornybar energi til havs. Konsesjonar som alt er gjevne etter energilova gjeld uavhengig av dette.

I forslag til forskrift § 1 tredje ledd føreslo departementet at havenergilova § 8-1 ikkje skal gjelde for innførsel og utførsel av elektrisk energi som er tilknytt kraftsystemet i Noreg.

I forslag til forskrift § 1 fjerde ledd foreslo departementet at for demonstrasjonsanlegg gjeld denne forskrifta § 12.

Høyringsinnspel

Regjeringsadvokaten stiller spørsmål om kvifor forslag til forskrift § 1 andre ledd ikkje viser til havenergilova kap. 4.

NORWEA er kritisk til utvidinga av verkeområdet for opning av områder til innanfor grunnlinja. Dei viser til at prosjekt nær kysten vil ha visuelle verknadar og dei problematiserer difor om kommunane sin forvaltningsrett i sjøområda etter Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (pbl.) § 1-2 bør settast til side.

Kraftfylka er positive til forslaget om å utvide verkeområdet, men ber om påverknad på valet av slike areal.

KS, Finnmark fylkeskommune, Nordland fylkeskommune og Kraftfylka meiner at forslaget til forskrift har overlappende verkeområde med plan- og bygningslova, og etterlyser ei skildring av korleis arealbruken til vindkraft til havs skal avklarast mot denne lova. Finnmark fylkeskommune og Nordland fylkeskommune meiner også at tilhøvet mellom plan- og bygningslova og havenergilova må klargjerast. Finnmark fylkeskommune meiner den kommunale råderetten vert innskrenka ved at havenergilova skal regulere arealdisponering innanfor grunnlinja.

KS meiner at kommunar må ha rett til å seie nei til vindkraftverk på eige territorium. *Kraftfylka* meiner at vindkraft til havs må ha god lokal og regional forankring og at fylkeskommunane må få ei sentral rolle i å vurdere mulegheiter for regionale synergieffektar frå kraftproduksjonen.

Vestland fylkeskommune er positiv til forslaget om at havenergilova også skal gjelde arealdisponering innanfor grunnlinja.

Norsk Polarinstitutt kommenterer at havenergilova også gjeld på sjøterritoriet og indre farvatn ved Jan Mayen.

Justis- og beredskapsdepartementet skriv at i forslag til forskrift § 1 tredje ledd er det foreslått et unntak frå havenergilova § 8-1. Etter Justis- og beredskapsdepartementet sitt syn er det naturleg å forstå havenergilova § 8-1 tredje ledd slik at det berre gjev heimel for å gje fritak i einskilde saker. Justis- og beredskapsdepartementet går ut frå at den aktuelle heimelen er § 1-2 femte ledd (Olje- og energidepartementet trur korrekt referanse er § 1-2 sjette ledd), men tilrår at departementet omtalar dette nærmare.

Departementet sine merknadar

Plan- og bygningslova § 1-2 andre ledd stadfestar at i sjøområde gjeld plan- og bygningslova ut til éi nautisk mil utanfor grunnlinjene.

Plan- og bygningslova er den generelle lova for arealdisponering i sitt verkeområde, og gjeld i utgangspunktet også for vindkraftverk. Vindkraftverk kan ikkje byggast i strid med gjeldande plan. Likevel er det ikkje reguleringsplikt for vindkraft, som også er unntatt frå byggesaksbehandling. Tilhøvet mellom plan- og bygningslova og sektorlovene er vurdert fleire gongar av Stortinget, seinast ved handsaminga av Meld. St. 6 (2018–2019) om oppgåver til nye regionar, jf. Innst. 119 S (2018-2019).

Dersom det blir aktuelt å opne for område innanfor grunnlinja, vil departementet komme tilbake med forslag om korleis havenergilova og anna lovverk skal samordnast. Difor viser ikkje forslag til forskrift § 1 andre ledd til havenergilova kap. 4 slik Regjeringsadvokaten etterlyser.

Departementet meiner at utvidinga av verkeområdet til forskrifta ikkje grip inn i kommunane si myndigheit etter plan- og bygningslova, men at utvidinga sikrar ei heilskapleg forvaltning av areal til havs.

Departementet fører vidare sitt forslag om å utvide verkeområdet for havenergilova § 2-2, og gjer ingen endringar i forskrifta § 1 på dette punktet.

Når det gjeld høyringsvaret frå Justis- og beredskapsdepartementet, vil departementet vise til at i havenergilova § 8-1 gjeld kravet om konsesjon til utførsel og innførsel av elektrisk energi, ikkje konsesjon til nettanlegget. Ein er difor innanfor verkeområdet til havenergilova § 1-2 sjette ledd som seier at Kongen i forskrift eller i det einskilde høve kan avgrense bruken av heile eller delar av denne lova når det gjeld innretningar, føremål eller verksemder til havs omfatta av anna lov. Departementet ønskjer å avgrense høvet til å gjera unntak fordi det blir dobbelregulering, jf. energilova § 4-2.

Departementet er einig i at havenergilova § 1-2 sjette ledd er rette heimel for å avgrense bruken av deler av lova når det gjeld innretningar, føremål eller verksemd til havs omfatta av anna lov.

Departementet erstattar forslaget til forskrift § 1 tredje ledd med følgjande ordlyd:

"Utanlandskablar med konsesjon etter lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven) av 29. juni 1991 nr. 50 § 4-2 treng ikkje konsesjon etter havenergilova § 8-1."

Forslaget til forskrift § 1 fjerde ledd, jf. også forslaget til § 12, utgår. Sjå grunngjeving under kapittel 2 om demonstrasjonsprosjekt.

§ 2. Definisjonar

Forslaget til forskrift § 2 bokstav d utgår. Sjå grunngjeving under kapittel 2 om demonstrasjonsprosjekt.

Kapittel 2 – Melding, prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, konsesjon og detaljplan

Nokre av høyringsinnspela er av generell karakter, og ikkje knytt til einskilde paragrafar i utkastet til forskrift. Dei innspela som gjeld konsesjonsprosessen er tematisk ordna og kommentert her.

Overordna vurderingar av konsesjonsprosessen

Høyringsinnspel

Agder Energi støttar departementet sitt opplegg for konsesjonsprosess i utkastet til forskrift.

Norsk olje og gass meiner at forskrifta ikkje sikrar ein føreseieleg konsesjonsprosess og dei viser til reglar frå petroleumssektoren som stiller strengare krav til søkar, fristar og sakshandsamingstid.

Norges Rederiforbund meiner at det bør vurderast om konsesjonsprosessen kan effektiviserast ytterlegare. Dei vises til at det ikkje vert stilt krav til sakshandsamingstida til forvaltninga og at det bør vurderast om meir av konsekvensutgreiingane kan gjerast i samband med opninga av område. Rederiforbundet meiner også at konsesjonssystemet må legge til rette for tilpassingar som følgje av teknologiutvikling og at det bør utarbeidast ein rettleiar.

Multiconsult meiner det burde vore teikna opp ein tydlegare prosess for tildeling av dei områda som opnast opp. *Universitetet i Bergen* peikar også på at forskriftsutkastet ikkje seier noko om metodologien for vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Offshore Power Plant meiner det bør leggest vekt på maksimal energihausting på ein optimal miljømessig måte når myndigheitene gjer sine vurderingar.

Riksantikvaren og *Statnett* ber om å bli kopla inn tidleg i konsesjonsprosessar.

Departementet sine merknadar

Departementet meiner at detaljregulering av fristar, sakshandsamingstid, tilpassingar som følgje av teknologiutvikling osv. utover det havenergiforskrifta allereie føreslår, ikkje er naudsynt fordi dei alminnelege reglane om sakshandsaming følgjer av forvaltningslova. Departementet vil omtale kommentarane under dei ulike føresegnene under.

Tidsfristar

Høyringsinnspel

Rogaland fylkeskommune og *Universitetet i Bergen* sluttar seg til departementet sitt forslag til tidsfristar i forskrifta. *Norsk Ornitologisk Forening* meiner at det må leggest opp til ein streng praksis med forlenging av fristar.

Energi Norge støttar forslaget om stramme tidsfristar i konsesjonsprosessen, men meiner omsynet til utvikling av forretningsmodellar, framdrift og omsetjing av rettar tilseier ein fleksibel frist for å setje i drift anlegget. *RWE*, *Greenstat*, *Aker Solutions* og *Equinor* ber også departementet vurdere større fleksibilitet når det gjeld fristar i konsesjonsprosessen.

LO meiner at ein i tillegg til tidsfristane i forslaget til forskrift bør stille tydelege aktivitetskrav, slik at brot på dette kan gje bortfall av konsesjon. *RWE Renewables* føreslår også eit meir detaljert arbeidsprogram for å bøte på eventuelle lenger tidsfristar for milepælane i prosjektutviklinga.

Norges Rederiforbund ber departementet vurdere om oversitting av tidsfristane knytt til melding bør gje automatisk bortfall av godkjent melding.

Aker Solutions føreslår at departementet set sakshandsamingsfristar for sitt eige arbeid.

Departementet sine merknadar

Det har i høyringa komme fram synspunkt som støttar departementet sitt forslag til tidsfristar, synspunkt om at det bør leggest opp til meir fleksibilitet, synspunkt om at tidsfristane er knappe, og synspunkt om at oversitting av fristar bør føre til automatisk bortfall av rettar.

Departementet har lagt vekt på å at forslaget til tidsfristar i forskrifta skal ta omsyn både til fleksibilitet og at ei forlenging skal grunngjevast på ein fullgod måte. Det er opna for at departementet kan gje forlenging av dei fleste fristane, men likevel berre med 2 år av gongen.

Departementet viser til at det gjerast nokre endringar når det gjeld forlenging av fristar og viser til omtalen av forslag til forskrift § 11 under.

Kvalifisering av søkarar

Høyringsinnspel

Shell og *Equinor* foreslår kvalifikasjonskrav for å sikre at søkarar har naudsynt kompetanse og røynsle. *LO* meiner departementet bør vurdere om ein lisensstruktur og operatørskap som i petroleumsvirksemda kan vere eigna for fornybar energiproduksjon til havs.

Ny Energi AS meiner at det ikkje bør stillast krav til søkar som avgrensar mangfaldet, og at prosessen etter konsesjon bør leggest opp meir individuelt.

Fred. Olsen Renewables og *Fred. Olsen Ocean* meiner konsesjonssystemet bør sikre eit breitt aktørbilete.

NORWEA meiner det uklårt på kva grunnlag departementet skal sortere mellom ulike aktørar og korleis ein skal prioritere mellom ulike meldingar. *Norwea* foreslår difor at det vert innført eit kompetansekrav tilsvarende petroleumsforskrifta § 10 andre ledd, som bør sikre tildeling av areal basert på objektive, ikkje-diskriminerande kriterium, som innanfor EØS-avtalen gjev størst mulige ringverknader for Noreg.

Departementet sine merknadar

Departementet seier seg samd i at det kan vere trong for kriterium for å skilje mellom søkarar i tilfelle der prosjekta er nokså like. Slike kriterium bør eventuelt fastsetjast i forskrift. Fordi slike kriterium ikkje har vore del av forslaget som var på høyring, kan det ikkje fastsetjast slike no.

Departementet vil vurdere å fremje eit forslag om tillegg til forskrifta som gjeld dette.

Departementet tek også sikte på utarbeide ein rettleiar om søknadsprosessen.

Kriterium for konsesjonsvurderinga

I høyringa kom det fleire innspel om konsesjonsprosessen og forslag til andre tilnærmingar til konsesjonsvurderinga enn departementet har lagt opp til i sitt forslag.

Høyringsinnspel

Aker Solutions, *Norsk Industri* og *Norwegian Offshore Wind Cluster* tilrår at retten til bygge ut kraftverk blir gjeven basert på kvalitative kriterium. *Maritimt Forum* meiner at nasjonale ringverknadar og utvikling av norsk industri må vere eit kriterium i konsesjonsprosessen, og at eit breitt aktørmangfald er viktig.

Kværner meiner at det bør haldast konsesjonsrundar/utlysingar etter modell frå petroleumsförvaltninga.

Aker Solutions og *Fred. Olsen* rår frå å nytte auksjonar for å tildele løyver.

Departementet sine merknadar

Departementet fører vidare forslaga om konsesjonsprosessane. Sjå elles departementets merknadar til innspel over om "kvalifisering av søkarar."

§ 3. Melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram

Høyringsinnspel

Shell foreslår at kravet om å skildre prosjektet ikkje må vere for detaljert på eit for tidleg stadium, slik at utforminga kan bli justert i lys av konsekvensutgreiinga.

Aker Solutions meiner også forskrifta må klargjere om ein søkar har eksklusivitet til eit areal etter at konsesjonssøknad er innsend, men før departementet har avgjort konsesjonsspørsmålet.

Departementet sine merknadar

Departementet fører vidare forslaga om konsesjonsprosessane, men tek sikte på å utarbeide ein rettleier som skal utdjupe fleire problemstillingar rundt søknadsprosessen. Rettleiaren vil ytterlegare skildre kva meldinga bør innehalde.

§ 4. Utgreiingsprogram

Høyringsinnspel

Fleire høyringspartar meiner at forskrifta legg opp til manglande medverking frå miljømyndigheitene og interesseorganisasjonar.

Miljødirektoratet peikar på at forskrifta ikkje legg opp til høyring av detaljplanen, og ber om at miljøforvaltinga blir teke med på råd i vurderinga av miljøkonsekvensar og tiltak som skal redusere negative verknadar.

Fiskarlaget føreslår at § 4 fyrste ledd bokstav b i forslaget til forskrift blir gjort meir lik petroleumsforskrifta § 22.

Departementet sine merknadar

I forskrifta § 4 føreslo departementet kva ei melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram skal innehalde. På dette stadiet kan departementet også krevje tilleggsopplysingar. Departementet sender framlegg til dette programmet på høyring m.a. til relevante myndigheiter og interesseorganisasjonar, og gjer framlegget tilgjengeleg for offentlegheita på internett. Det skal setjast ein rimeleg frist for fråsegner, som ikkje bør være kortare enn 6 veker.

I forslaget til forskrifta § 4 første ledd bokstav a står det at ei melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram skal innehalde ei skildring av: energianlegget, aktuelle utbyggingsløysningar, prosjektområdet og, på bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap, moglege verknadar for andre næringar, miljø og samfunn.

Departementet meiner at meldinga også bør innehalde ei skildring av kostnadar. Dette kan gjere det enklare for konsesjonsmyndigheitene å rangere meldingar dersom det blir aktuelt. Kostnadar vil også vere eit tydeleg kriterium som konsesjonsmyndigheitene kan vektlegge i konsesjonsprosessen.

Departementet meiner at forslaget til forskrifta § 4 om utgreiingsprogram sikrar medverking frå miljømyndigheiter og interesseorganisar. Likeeins meiner departementet at detaljregulering av høyring/medverking er overflødig fordi dei alminnelege reglane om høyring/medverking følgjer av forvaltningslova.

Departementet har endra forslaget til forskrift § 4 femte ledd, frå eit to-årskrav til at ein ikkje kan fastsetje utgreiingsprogram eller godkjenne meldingar for same areal samstundes.

§ 5. Handsamingsgebyr

Høyringsinnspel

Rederiforbundet er positivt til forslaget om eit sakshandsamingsgebyr.

Justis- og beredskapsdepartementet skriv at i forslaget til § 5 tredje ledd heiter det at departementet kan endre gebyret som følgjer av § 5 fyrste ledd. Justis- og beredskapsdepartementet gjer merksam på at forskrifter må endrast ved forskrift.

Departementet sine merknadar

Departementet er einig med Justis- og beredskapsdepartementet og har i endeleg forskrift valt å endre § 5. For handsaming av kvar melding med utgreiingsprogram, skal det betalast eit gebyr som vert fastsett av Olje- og energidepartementet. Ved å gje departementet kompetanse til å fastsette gebyret, slepp ein kgl.res. for å endre gebyret. Gebyret vil i fyrste omgang vere på 100 000 kroner.

§ 6. Innhaldet i prosjektspesifikk konsekvensutgreiing

Denne paragrafen set krav til innhaldet i prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Ho skal tilpassast omfanget av energianlegget og i kva grad ein kan seie at energianlegget er omfatta av tidlegare konsekvensutgreiingar for prosjektområdet.

Høyringsinnspel

Miljødirektoratet meiner forslaget til forskrift ikkje tek omsyn til krava i EIA- og SEA-direktiva. Dei skriv at i førearbeida til havenergilova står det at føresegna om konsekvensutgreiing i lova skal ta vare på Noregs pliktar etter nemnde direktiv. Slik dei les førearbeida til havenergilova, har det vore meininga at reglane om konsekvensutgreiing skal vere i tråd med både forskrift om konsekvensutredningar (KU-forskrifta) og direktiva. Dei meiner at det difor må sikrast at også havenergilovforskrifta er i tråd med dette regelverket. Forskriftutkastet oppfyller ikkje i tilstrekkeleg grad direktiva sine krav til konsekvensutgreiing, særleg kravet til presisering av korleis det skal takast omsyn til konsekvensutgreiinga ved konsesjonsvedtak. For avvik frå KU-forskrifta utover det som er direkte kopla til direktiva nemner direktoratet mellom anna:

- At utreiingar skal gjennomførast etter etablert metodikk
- Spesifiserte krav til omtale av verknadar (også samla verknadar)
- Omtale av kunnskapsmanglar og usikkerheitsfaktorar
- Omtale av aktuelle tema for miljøovervaking
- Krav om at der ein hentar inn ny kunnskap, skal ein systematisere dette i samsvar med føreliggande standardar og gjere kunnskapen tilgjengeleg for offentlege myndigheiter

KS meiner at lista over tema som inngår i ei prosjektspesifikk konsekvensutgreiing må inkludere friluftinteresser, økosystemtenester, vassmiljø og samla belastning.

Norsk Polarinstitutt peker på at det i sjøterritoriet og indre farvatn ved Jan Mayen er utfordringar med m.a. drivis og ising, og meiner difor at det i medhald av forskrifta § 6 om konsekvensutgreiingar også bør gjerast greie for om anlegget toler slike tilhøve. Dei ber også om at det i den same paragrafen vert teke inn eit krav om at estetiske omsyn skal ivaretakast.

Kraftfylka meiner at konsekvensutgreiingane må vurdere verknadar for skipsfart, fiskeri og miljøinteresser, slik som sjøfugl og andre trekkande fuglearter. *Kraftfylka* og *Nordland fylkeskommune* meiner at friluftsiinteresser, økosystemtenester, vassmiljø og samla last må takast inn som ein del av dei prosjektspesifikke konsekvensutgreiingane.

WWF meiner det må leggest stor vekt på naturmangfald og urfolk i konsesjonsprosessen, og føreslår at forskrifta viser til prinsippa i naturmangfaldlova, som ikkje gjeld i heile havområdet til Noreg. Dei meiner også at område som er definert som særleg verdifulle og sårbare i forvaltingsplanane må vurderast verna etter naturmangfaldlova.

Tekna peikar på at det kan vurderast å nytte det eksisterande rutenettet frå petroleumsforvaltninga som verkty også i konsesjonssystemet for fornybar energi.

Forsvarsdepartementet ber departementet vurdere om prosjektspesifikk konsekvensutgreiing bør ha eit eige punkt om konsekvensar for forsvaret sine aktivitetar.

Samferdsledepartementet ber om at omsynet til sjøtryggleik og framkomst i farvatnet bør føyast til i forslaget til forskrift § 6.

Kystverket peikar på at det kan vere naudsynt å utarbeide navigasjonsrisikoanalysar i utbyggingssaker, og at trongen for eit "area to be avoided" må vurderast. Også verknadar for radarsystem, kommunikasjonskanalar, vernebuing for oljevern, søk og redning må vurderast, ifølgje *Kystverket*. Direktoratet meiner også at ei opning av områda kan krevje at det blir oppretta nye trafikkseparasjonssystem. *Kystverket* føreslår at forskrifta krev at verknaden for skipstrafikken må vurderast under § 6 og at samfunnsmessige konsekvensar blir inkludert i vurderingane i § 6.

LO peikar på at det var utvinningsløyve for petroleum i Sørlege Nordsjø II, og reknar med at potensielle petroleumsressursar er undersøkt før det blir gjeve konsesjon til fornybar energiproduksjon.

Departementet sine merknadar

Departementet har endra forskrifta § 6, slik at ei skildring av og vurdering av verknaden energianlegget kan ha for miljø og samfunn også skal omfatte forsvaret og skipstrafikken sine interesser.

Departementet meiner at forskrifta § 6 vil klargjere havenergilova § 4-1 andre ledd som seier at "*Ved opning av areal etter § 2-2, og ved konsesjon eller godkjenning av detaljplan etter §§ 3-1 og 3-2, skal det i saksframlegget eller i vedtaket gå fram korleis konsekvensutgreiingane og innkomne fråsegner er vurderte, og kva dei har hatt å seie for avgjerda.*

Departementet har teke med fleire føresegnar i forskrifta enn det som var foreslått i utkastet. Departementet meiner forskrifta § 6 om konsekvensutgreiing no tek hand om høyringspartane sine krav.

Installasjon av botnfaste eller flytande vindturbinar gjer at området blir vanskeleg tilgjengelig for leiting og utvinning av petroleum i ein lang periode.

Før det blir gjeve vindkraftkonsesjon kan det vere trong for ei meir detaljert vurdering av potensialet for petroleumsressursar i eit nærare definert område der vindturbinar er tenkt plassert. Det vil vere aktuelt at vindkraftaktøren får gjennomført ei slik vurdering som del av ei prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Ei slik vurdering kan omfatte til dømes vurdering av

omfang og kvalitet på eksisterande geofysiske data, repressering av slik og innsamling og prosessering av nye geofysiske data.

Konkrete forslag til kva undersøkingar og vurderingar som skal gjerast bør framkomme i forslaget til program for den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga, slik at konsekvensutgreiinga vil kunne endrast i lys av høyringsinnspel. Programmet skal fastsettast av departementet, og Oljedirektoratet kan bidra med faglege råd.

Vurderingar av potensialet for petroleum kan ta tid og gjere det krevjande å gjennomføre programmet for konsekvensutgreiinga innan fristen i forskrifta § 7. Det vil i slike tilfelle vere aktuelt at departementet gjev utsett frist, jf. § 11.

§ 7. Søknad om konsesjon

Høyringsinnspel

Kraftfylka føreslår at fylkeskommunar skal takast inn i § 7 siste setning som ein av dei "relevante myndigheiter," at fylkeskommunar bør sikrast motsegnrett i vindkraftsaker på sitt sjøterritorium, jf. energilova § 2-1 sjuande ledd og at det blir stilt klare krav til konsesjonssøknaden med fristar for gjennomføring.

NORWEA meiner at den føreslegne fristen på 2 år mellom konsesjonsvedtak og detaljplan er for lite fleksibel og at den truleg ikkje vil sikre den beste ressursutnyttinga. Dei føreslår difor heller at ein innfører eit system der konsesjonæren og departementet blir samde om ein utbyggingsplan, tilsvarende det systemet ein har etter petroleumsløva.

Riksantikvaren føreslår at kulturminne blir eksplisitt nemnd i forskrifta §§ 7 og 10. Riksantikvaren viser til kulturminneløva sitt forbod mot inngrep i og skjemming av automatisk freda kulturminne og inngrep i skipsfunn eldre enn 100 år utan særskilt løyve, og minner også om undersøkingsplikta.

Departementet sine merknadar

Departementet meiner at detaljregulering av kulturminne i havenergilovforskrifta ikkje er det rette fordi kulturminneløva allereie regulerer forbod mot inngrep i og skjemming av automatisk freda kulturminne og inngrep i skipsfunn eldre enn 100 år utan særskilt løyve. Kulturminneløva regulerer også undersøkingsplikta. Departementet vil også vise til at forskrifta § 6 nemner at verknaden energianlegget kan ha for kulturminne, kulturmiljø og landskap skal skildrast og vurderast i konsekvensutgreiinga.

Departementet førar vidare forslaget i § 7 om søknad om konsesjon. To-årskravet meiner departementet er høveleg, all den tid utbyggjar kan søke om forlenging av fristen etter forskrifta § 11. Departementet tar sikte på å utarbeide ein rettleiar som m.a. skal utdjupe kva søknaden skal innehalde.

§ 8. Vedtak om konsesjon for energianlegg

Høyringsinnspel

Fleire høyringspartar har overordna merknadar til det føreslåtte konsesjonssystemet som er attgjevne tematisk tidlegare.

Fiskarlaget føreslår at høvet til å klage på vedtak om konsesjon blir gjort tydeleg i forskrifta.

Departementet sine merknadar

Retten til å utnytte fornybare energiressursar til havs tilhøyrer staten, jf. havenergilova § 1-3. Det er difor viktig for departementet at utnyttinga av fornybare energiressursar til havs skjer i samsvar med samfunnsmessige målsetjingar, og at energianlegg blir planlagde, bygde og disponerte slik at omsynet til energiforsyning, miljø, tryggleik, næringsverksemd og andre interesser blir teke vare på, jf. havenergilova § 1-1.

Det må difor vere klart at ingen har eit rettskrav på å få konsesjon til å bygge vindkraft til havs og det vil vere opp til forvaltinga sitt alminnelege skjøn kven som skal få konsesjon. Sjå elles departementet sine merknadar under overskrifta "Kvalifisering av aktørar."

I tillegg til at alminnelege reglar om høvet til å klage følgjer av forvaltningslova, meiner departementet at det vil vere tilstrekkeleg at informasjon om høvet til å klage går fram av dei einstilte vedtaka fatta av konsesjonsmyndigheitene.

§ 9. Søknad om godkjenning av detaljplan

Høyringsinnspel

KS Bedrift, Kraftfylka og Rogaland fylkeskommune føreslår at vesentlege endringar i detaljplan bør utløyse ny konsekvensutgreiing og offentlig høyring. *Naturvernforbundet* meiner at krav til byggefasen må inn i forskrifta.

Departementet sine merknadar

Søknad om godkjenning av detaljplan sendast til NVE innan 2 år etter at vedtak om konsesjon er gjeve. Dersom vedtaket om konsesjon blir klaga på, gjeld to-årsfristen frå klagehandsaminga er ferdig. Departementet har opna for at ein kan søke om forlenging av fristar med inntil 2 år av gongen etter forskrifta § 11.

Departementet fører vidare forslaget til § 9, men tek sikte på å utarbeide ein rettleiar som skal utdjupe fleire problemstillingar ved godkjenning av detaljplan.

§ 10. Vedtak om godkjenning av detaljplan for utbygging og drift av energianlegg

Høyringsinnspel

Shell føreslår at kravet om at anlegget er sett i drift ikkje bør vere avhengig av nettilknytning, då det kan tenkast at energi kan transporterast ut på anna vis. *Multiconsult* føreslår at kravet om at anlegg skal vere i drift må gjelde for den fyrste turbinen, ikkje for heile anlegget, og dei meiner tidsfristane er for stramme.

Universitetet i Bergen meiner det kan vere klart allereie på tidspunktet for godkjenning av detaljplan at det kan vere naudsynt med lenger frist for å ferdigstille utbygginga. Dei føreslår ei justering i ordlyden for fristforlenging i forskrifta § 10, slik at fristen blir innan tre år eller frist fastsett i konsesjonen.

Departementet sine merknadar

Departementet endrar ordlyden i § 10 slik at kravet til at anlegget er i drift gjeld produksjon av energi, ikkje berre elektrisitet.

Når det gjeld forskrifta § 10 fjerde ledd er det eit krav om at energianlegget skal setjast i drift innan 3 år etter vedtak om godkjent detaljplan for utbygging og drift av energianlegget.

Departementet ser at det kan oppstå utfordringar med denne fristen. Det kan vera vanskeleg for utbygger å sjå for seg om han klarar å nå fristen når han startar opp.

Departementet held likevel på den føreslegne fristen då det må leggast vekt på at energianlegget setjast i drift så raskt som muleg etter vedtak om godkjent detaljplan. Departementet peikar i denne samanheng på at utbygger har høve til å søke om forlenging av fristen.

§ 11. Forlenging av fristar

Høyringsinnspel

Det er ikkje kome høyringsinnspel til denne paragrafen.

Departementet sine merknadar

Departementet endrar likevel forslag til forskrift § 11 fyrste ledd til følgande ordlyd: *Etter søknad kan departementet gje forlenging av fristar som følgjer av §§ 7 fyrste ledd, 9 fyrste ledd og 10 siste ledd. Fristane kan forlengast med inntil 2 år av gongen.*

Dette gjerast for å ikkje ha eit krav om at utbygger må ha konsesjon for å kunne søke om forlenging av fristar, slik forslaget la opp til. Andre punktum er endra slik at det gjerast klarare at det er fleire fristar som kan forlengast og at desse kan forlengast fleire gonger, men likevel ikkje utover 2 år av gongen. Det skal leggast opp til ein streng praksis for forlenging av fristar, kor departementet mellom anna skal sjå på kor langt utbygger har kome i prosessen.

Det følgjer av forslaget til forskrift § 11 andre ledd at oversitting av fristar kan føre til bortfall av rettar.

§ 12. Demonstrasjonsprosjekt

Departementet føreslo i forskrift § 12 fyrste ledd at følgjande føresegner i havenergilova ikkje gjeld for demonstrasjonsprosjekt:

- § 2-2 om opning av areal, jf. § 2-2 fjerde og femte ledd
- § 3-1 andre ledd om detaljplan, jf. andre ledd siste setning
- § 4-1 om melding med framlegg til utgreiingsprogram, jf. § 3-1 tredje ledd og § 4-1 tredje ledd.

Høyringsinnspel

Norsk Ornitologisk Forening meiner det ikkje må vere høve til å konsesjonshandsame større demonstrasjonsprosjekt.

Norwea trur ikkje at det kjem til å vere stor trong for demonstrasjonsprosjekt og ber difor departementet heller å vurdere om det er grunnlag for å utvide definisjonen av kva det kan gjevast unntak frå slik at anna næringsutvikling ikkje vert hindra.

Justis- og beredskapsdepartementet skriv at dersom ein forskriftsheimel skal gje myndigheit til å gje forskrifter som fråviker føresegna i lova, må dette som utgangspunkt visast klart av lovføresegna.

Departementet sine merknadar

Det har vore ønska å opne område for fornybar energiproduksjon til havs mellom anna for å legge til rette for demonstrasjonsprosjekt. Særleg har det i denne samanheng vore peika på flytande vindkraft.

Havenergilova opnar for å gje unntak frå regelen om opning av område i "særskilte tilfelle," jf. § 2-2 fjerde ledd. Førarbeida peikar på at unntaket for slike prosjekt må forståast snevert, og det er eit tolkingsspørsmål kor stort eit demonstrasjonsprosjekt kan vere før det må handsamast etter lova sin hovudregel om opning av område (Ot.prp.nr.107 (2008-2009)).

Departementet føreslo ei eiga føresegn i forskrifta om forenkla handsaming av demonstrasjonsprosjekt.

Justis- og beredskapsdepartementet meiner at unntaka frå havenergilova som departementet har føreslege i forskrifta når det gjeld demonstrasjonsanlegg, berre gjev departementet kompetanse til å gjere einskilde vedtak om unntak i "særskilte tilfelle."

Departementet vel å ta ut føresegna om demonstrasjonsprosjekt frå forskrifta § 12. Søknadar om demonstrasjonsprosjekt vil då vere ein del av føresegna om opning av areal, detaljplanlegging og melding med framlegg til utgreiingsprogram. Likevel kan departementet gjere unntak frå reglane om opning av areal i særskilte tilfelle etter havenergilova § 2-2 fjerde ledd. Departementet kan også i særlege tilfelle fråfalle krav om detaljplan, jf. havenergilova § 3-1 andre ledd siste setning. Det vil då bli ei konkret vurdering av dei einskilde søknadane om demonstrasjonsanlegg skal få unntak etter lova og forskrifta.

Som fylgje av at § 12 vert teken ut av den endelege forskrifta, vert nummereringa av dei resterande paragrafane justert tilsvarende.

Kapittel 3 – Erstatning til fiskarar

Forslaget til forskrift § 13 inneheld reglar om oppretting av ei nemnd for handsaming av krav som følgje av bandlegging av fiskefelt i tillegg til ei nemnd for handsaming av krav som følgjer av forureining og avfall etter lova § 9-3 og innretningar som gjer skade etter lova § 9-4.

Forslaget til forskrift § 14 inneheld reglar om oppretting av ei klagenemnd.

Høyringsinnspel

Fiskeridirektoratet er positiv til at det vert oppretta ei nemnd for erstatning og at denne leggst til Fiskeridirektoratet.

Norges Fiskarlag føreslår at ordninga med erstatning til fiskarar blir utgreidd nærare. *Nordland Fylkes Fiskarlag* er kritisk til at det er føreslått oppretta ei slik ordning, då dei ikkje ønsker "avlat."

Norges Rederiforbund etterlyser ei betre grunngeving av kvifor ordninga let seg overføre frå petroleum, om klagenemnda bør ha ei anna samansetjing og om vurderinga av prov i forskrifta § 9-3 heller burde vore ei fri vurdering av prov.

Justis- og beredskapsdepartementet meiner at det ikkje er openbert at havenergilova § 9-5 gjev heimel til å opprette ei klagenemnd. Skipinga av ei klagenemnd inneber i så fall eit unntak frå reglane om klageinstans i forvaltningslova (fvl.) § 28. Fvl. § 28 fjerde ledd gjev heimel til å fastsetja avvikande klagereglar i forskrift. Det følgjer av forvaltningslovforskrifta § 45 andre ledd

at fagdepartementet, før det fremjar sak om bruk av Kongens myndigheit etter fvl. § 28 fjerde ledd, må innhente samtykke frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Departementet si vurdering

Departementet har innhenta samtykke frå Justis- og beredskapsdepartementet for oppretting av nemnd og klagenemnd. Løysinga med nemndhandsaming i desse sakene er valt for å skape like reglar som for petroleumsverksemda. Departementet fører vidare forslaget til §§ 13 og 14. Gjeldande forskrift blir §§ 12 og 13.

Kapittel 4 – Ymse føresegner

§ 18. Vilkår

Fiskarlaget meiner at forskrifta må vise til havenergilova § 3-1 om høvet til setje vilkår til ein konsesjon.

Fiskeridirektoratet er svært opptekne av at alle innretningar må fjernast ved avvikling.

Kraftfylka ber om at departementet avklarar om arealavgift kan inngå som eit konsesjonsvilkår og meiner det bør vurderast innføring av arealavgift til kommunar og fylkeskommunar innanfor grunnlinja.

Norsk Ornitologisk Forening meiner forskrifta må fastsette krav til trekktejingar og kartlegging over fleire sesongar.

Offshore Power Plant foreslår også at konsesjonar bør ha krav om forskning og utvikling i prosjekta og at myndigheitene må ha mulegheit til å ta over kraftverk.

NTNU og *Sintef* foreslår at konsesjonar skal gjevast etter ei liste med kriterium, mellom anna grad av satsing for forskning og innovasjon og i kva grad søkar vil gjere data tilgjengeleg for forskning og utvikling.

Departementet si vurdering

Departementet viser til forslaget til forskrift § 19, (gjeldande forskrift § 18) som gjev høve til å setje vilkår til ein konsesjon. Departementet merkar seg synspunkta som er komne fram om kva det bør setjast vilkår om, men ser ikkje at nokon av merknadane krev endringar i forskrifta slik ho er foreslått.

§ 19. Meteorologiske data

Departementet har i forslag til forskrift skrive at dersom konsesjonær og Meteorologisk institutt ikkje vert samde, kan NVE gje pålegg. Departementet vel å ta ut føresegna om at NVE kan gje pålegg, av di pålegg kan gjevast av departementet.

§ 20. Kontroll

Departementet har i forslaget til forskrift skrive at NVE fører kontroll med at reglar eller vedtak gitt i medhald av forskrifta vert overhaldne i medhald av havenergilova § 10-5.

Justis- og beredskapsdepartementet skriv at forslag til forskrift § 21 i realiteten er ei delegering av departementet sin kompetanse etter havenergilova § 10-5. Delegeringa bør fastsetjast gjennom eit delegeringsvedtak, og ikkje i forskrift.

Departementet si vurdering

Departementet merkar seg synspunkta som er komne frem, men viser til at eit delegeringsvedtak ikkje er eit absolutt krav. Departementet ser ikkje at merknaden krev endringar i forskrifta slik ho er føreslått. Gjeldande forskrift blir § 20 om kontroll.

§ 21. Tvangsmulkt

Departementet har i forslaget til forskrift § 22 føreslått at NVE kan gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at ei plikt som følgjer av eller i medhald av denne forskrifta eller vilkår som er sette for vedtak i eller i medhald av denne lova, vert oppfylte i medhald av havenergilova § 10-6.

Departementet si vurdering

Departementet har hatt på høyring eit forslag til endringar i m.a. havenergilova når det gjeld administrative reaksjonar og sanksjonar. Lovforslaget vart lagt fram for Stortinget 7. mai. Dersom Stortinget gjer slike endringar i havenergilova at det blir naudsynt å endre havenergiforskrifta, vil departementet føreslå dei endringane som må til. Gjeldande forskrift blir § 21.

Kapittel 5 – Ikraftsetjing

Departementet føreslo ikkje i utkastet som var på høyring ein dato for når forskrifta skal gjelde. Ingen høyringspartar hadde merknadar til dette.

Departementet meiner forskrifta etter ei samla vurdering skal gjelde frå 1. januar 2021.

Nett

Høyringsinnspel

Statnett seier seg einig i dei vurderingane NVE har gjort av kraftsystemet i den strategiske konsekvensutgreinga og i den oppdaterte vurderinga i 2018. Føretaket meiner direkte tilkopling på eksisterande utanlandskablar eller kablar som er under bygging, vil introdusere ny, uønskt risiko. Det kan vere aktuelt å kople eit vindkraftverk i Sørlege Nordsjø både til Noreg og andre land i følgje Statnett, og i eit slikt tilfelle er det Statnett som bør ha ei ansvarleg rolle. Statnett meiner at det ved omfattande utbygging kan vere uheldig at kvart einskild prosjekt vert tilknytt med produksjonsradial, og at det kan vere ønskeleg med ei større grad av koordinering for å oppnå ein rasjonell nettstruktur.

Zero meiner fellesskapen heilt eller delvis bør ta rekninga for utbygging av kraftnett til havs, og at utbygging må sjåast i samanheng med utanlandskablar.

Hydroelectric Corporation ber om at det blir opna for at fleire kan nytte same sjøkabel.

KS Bedrift meiner det er viktig at anlegg som skal knytast til nettet i Noreg blir underlagde relevante krav og pålegg etter energilova.

Shell peikar på at det er trong for større klårheit om nettilknytning og at myndigheitene må ta ei aktiv rolle i å legge rammene for nettilknytning.

ABB meiner systemansvaret til havs bør plasserast og at det bør leggast ein plan for nettutvikling til havs.

Norwegian Energy Solutions meiner myndigheitene må ta initiativ til utvikling av nettløysingar.

RWE føreslår at nettilknytning er klargjort ved utbyggingstidspunktet.

Vestland fylkeskommune legg til grunn at utbygging av vindkraft til havs ikkje medfører auka nettleige i regionalnettet.

Fiskeridirektoratet meiner at også kabeltrasear må inkluderast i høyring av utbyggingssaker.

NorthConnect KS, som planlegg bygging av ein sjøkabel frå Eidfjord til Peterhead i Skottland som dersom han blir bygd kan krysse Utsira Nord, ber om at det blir sett ein minsteavstand frå anker ved flytande vindkraftverk til sjøkabelen på 1000 meter.

Equinor ber departementet vurdere om det bør vere tilknytingsplikt for nettanlegg med konsesjon etter havenergilova.

Departementet sine vurderingar

I hovudsak vil vindkraft til havs verte knytt til nettet på land gjennom såkalla produksjonsradialar. Havvindparkar kan òg knytast til petroleumsinstallasjonar, med eller utan tilknytingsradial til land. Radialar er nettanlegg der hovudfunksjonen er å tene ein aktør eller ei gruppe aktørar.

Skal havbasert vindkraft byggast ut hovudsakleg med tanke på eksport av krafta, er det muleg å bygge radialar direkte til utlandet. Dersom krafta vert ført direkte til utlandet, vil det gje mindre behov for innanlandske nettinvesteringar enn ved produksjonsradialar til Noreg eller vindkraft tilknytt utanlandskablar. Dette krev i så fall ein konsesjon etter havenergilova § 8-1.

Anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi innanfor grunnlinjene kan ikkje byggast, eigast eller drivast utan konsesjon etter energilova.

Produksjonsanlegg som har konsesjon etter havenergilova må også ha konsesjon etter energilova dersom anlegget skal knytast til nettet i Noreg. Myndet til å gjere vedtak om anleggskonsesjon er delegert til NVE, unntake for nye store kraftleidningar lenger enn 20 kilometer på spenningsnivå frå 300 kV og oppover, der vedtak vert gjort av Kongen i Statsråd.

Statnett SF er systemansvarleg føretak innanfor grunnlinja og eig i all hovudsak transmisjonsnettet i Noreg. Utanlandskablar er òg ein del av det norske transmisjonsnettet, og alle større utanlandskablar frå Noreg er eigd av Statnett. Inntekter og utgifter inngår i grunnlaget for transmisjonsnettтарiffen. Kostnadane som kan førast vidare til kundane er regulert av NVE. Inntekter frå utanlandskablar bidreg til å redusere tariffen til kundane i transmisjonsnettet.

Så lenge eventuelle vindkraftverk vert knytt til land gjennom radialar, vil desse vere å rekne som ordinære tilknytingsanlegg for produksjon. På same måte som for en produsent på land inneber dette at Statnett vil kunne fastsette vilkår i tråd med systemansvaret i tilknytingspunktet.

Produsenten må også forhalde seg til det lokale nettselskapet der produksjonen vert tilknytt. Slik har Statnett ei klar rolle ved tilknytning av havvindkraftverk. Tilknytingsradialane til havvindkraftverk vil i hovudsak berre ha ein eller eit fåtal brukarar. Radialane vil då vere å sjå som sokalla kundespesifikke anlegg. Slike anlegg inngår ikkje i transmisjonsnettet. Departementet meiner difor, i tråd med førearbeida til havenergilova, at det ikkje er naudsynt å peike ut ein systemansvarleg til havs i forskrifta no.

Departementet legg til grunn at radialane til havs vert eigd av produsentane, og at investeringskostnadane på land knytt til tilknytning av vindkraftverk vert dekt gjennom anleggsbidrag.

Departementet peikar på at aktørar som planlegg å søke konsesjon til fornybar energiproduksjon til havs, må ha ein god dialog med relevant netteigar på land tidleg i prosessen.

Departementet peikar også på at det etter havenergilova § 3-4 kan setjast vilkår i konsesjon eller detaljplan om tilrettelegging for eller tilkopling til andre anlegg eller system. Departementet gjer ingen endringar i forskrifta no.

Pant

Universitetet i Bergen meiner at det ville vere ein fordel om det blei teke inn reglar om pant i havenergilova. Det visast til at dette er heilt naudsynt for å sikre at prosjekt vert realiserte og det visast til korleis dette er gjennomført i petroleumsløva og akvakultregisteret.

Norges Rederiforbund føreslår å utgreie mulegheita for å nytte konsesjonar som sikkerheit for finansiering.

NORWEA meiner at det bør innførast reglar som legg til rette for pant i flytande og botnfaste innretningar og konsesjonen.

Aker Solutions, *Equinor* og *Kværner* meiner det bør opnast for pantsetjing for anlegg med løyve etter havenergilova. *Aker Solutions* meiner også at reglar for overdraging, inndraging og tilbakelevering av konsesjon bør klargjerast.

Departementet sine vurderingar

Departementet fekk i innspelsmøtet 20. juni 2018 innspel om at lovverket ikkje legg til rette for finansiering av energiprojekt til havs gjennom pant i løyver, innretningar eller kablar.

Departementet seier seg samd i at eit slikt register for registrering av eignelutar tilknytt produksjonsanlegg til havs kunne vore føremålstenleg, og konstaterer at det finst eit slikt register for olje- og gassverksemda.

Havenergilova gjev ikkje heimel for å opprette eit register over eignelutar i anlegg for fornybar energiproduksjon til havs, og departementet har difor ikkje vurdert dette nærare i arbeidet med forskrift til havenergilova.

Tilhøvet til anna lovverk

Espoo

Det følger av Konvensjon om konsekvensutgreiningar for tiltak som kan ha grenseoverskridande miljøverknader (Espoo-konvensjonen) av 25. februar 1991, at dersom nabostatar kan verte påverka av negative miljøverknader av tiltak i Noreg, skal det utarbeidast konsekvensutgreining (artikkel 2) og nabolandet skal varslast (artikkel 3) og konsulterast (artikkel 5).

Departementet legg til grunn at konsesjonsprosessen det vert lagt opp til gjennom lov og forskrift tilfredsstillar krava i artikkel 2 i Espoo-konvensjonen. Departementet vil syte for konsultasjon med naboland for konkrete prosjekt som del av konsesjonshandsaminga.

OSPAR

Konvensjon om vern av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhavet av 22. september 1992 (OSPAR) har som føremål å verne havområdet mot skadelege effektar av menneskeleg aktivitet, verne om menneskeleg helse, bevare marine økosystem og å gjenopprette marine område som er vortne skadde der dette er praktisk mogleg. Konvensjonen regulerer forureining av det marine

miljøet frå både landbaserte kjelder, petroleumsverksemd til havs og dumping, og ivaretaking av marint naturmangfald.

Utsira Nord og Sørlege Nordsjø I ligg begge innanfor regionen som i OSPAR-samanheng heiter Greater North Sea.

OSPAR har vedteke eigne retningslinjer for vurdering av miljøverknader av vindkraft til havs (nr. 3 2008). Desse retningslinjene har vore førande for korleis lova og forslaget til forskrift er utvikla med tanke på mellom anna arealvurderingar, konsekvensutgreiingar, konsesjonshandsaming og nedlegging av energianlegg. Departementet legg til grunn at retningslinjene er følgd gjennom havenergilova og forskrift, og vil verte oppfylt gjennom den konkrete sakshandsaminga i konsesjonssaker.

Havne- og farvannsloven

Høyringsinnspel

Kystverket opplyser at tiltak innanfor 12 nautiske mil utanfor grunnlinja må ha løyve etter havne- og farvannsloven av omsyn til tryggleik og trygg ferdsel.

Departementet sine vurderingar

Departementet tek dette til etterretning.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ei opning av område og fastsetjing av forskrift til havenergilova gjev opphav til søknadar om konsesjon til fornybar energiproduksjon til havs. Det vert lagt til grunn at kostnadane til sakshandsaming vert dekte innanfor energimyndigheitene sine budsjett, og delvis dekt av sakshandsamingsgebyret i forskrifta § 5.

Det vil vere kostnadar knytt til oppretting og drift av nemnd for handsaming av krav om erstatning til fiskarar og klagenemnda for denne.

Staten kan også måtte betale skadebot til fiskarar som følgje av handsaminga av krav om erstatning, jf. havenergilova § 9-2. Det er ikkje muleg å fastslå kor store kostnadar dette kan medføre. Departementet meiner gode prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar og konsesjonshandsaminga vil kunne redusere sannsynet for at fiske vert gjort umuleg, jf. havenergilova § 9-2.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r:

Forskrift til havenergilova (havenergilovforskrifta) vert fastsett i samsvar med vedlagde forslag.

Forskrift til havenergilova (havenergilovforskrifta)

Heimel: Fastsett ved kgl.res. av 12. juni 2020 med heimel i lov av 4. juni 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova) § 1-2 sjette og sjuande ledd, § 2-1, § 3-3, § 3-4 fyrste ledd, § 3-5 tredje ledd, § 4-1 tredje ledd, § 9-5 fyrste ledd andre punktum, § 10-4 tredje ledd og § 10-10. Fremja av Olje- og energidepartementet.

Kapittel 1 – Innleiande føresegner

§ 1. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld fornybar energiproduksjon, omforming og overføring av elektrisk energi til havs, som nemnd i havenergilova § 1-2.

For havområde innafor grunnlinja gjeld havenergilova § 2-2, kapittel 5-6 og kapittel 9-10.

Utenlandskablar med konsesjon etter lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven) av 29. juni 1991 nr. 50 § 4-2 treng ikkje konsesjon etter havenergilova § 8-1.

§ 2. Definisjonar

- a. Med *prosjektspesifikk konsekvensutgreiing* er meint konsekvensutgreiing for det aktuelle energianlegget som har som føremål å avdekke relevante fordelar og ulemper ved eit energianlegg før etablering, og vurdere verknadane av ei eventuell utbygging og føreslå avbøtande tiltak.
- b. Med *prosjektområde* er meint eit spesifisert avgrensa geografisk område innanfor eit område som er opna etter havenergilova § 2-2, der eit føretak som nemnt i havenergilova § 3-5 har fått fastsett utgreiingsprogram eller konsesjon til utvikling av eit energianlegg.
- c. Med *melding* er meint varsel av eit planlagt tiltak, der tiltakshavar skildrar tiltaket og lokalisering innanfor eit opna område og legg fram framlegg til utgreiingsprogram.

Kapittel 2 – Melding, prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, konsesjon og detaljplan

§ 3. Melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram

Dersom eit føretak som oppfyller krava i havenergilova § 3-5 ønsker å søke om konsesjon til eit energianlegg, skal det fyrst sendast inn ei melding til departementet, med framlegg til eit prosjektspesifikt utgreiingsprogram.

§ 4. Innhaldet i prosjektspesifikt utgreiingsprogram

Ei melding med framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram skal minst innehalde ei skildring av:

- a) energianlegget, aktuelle utbyggingsløyisingar og kostnadar, prosjektområdet og, på bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap, mulege verknadar for andre næringar, miljø og samfunn
- b) tilhøve som skal utgreiast og kva metodar som skal nyttast

c) opplysingar om verksemda til den som søker.

Departementet kan krevje tilleggsopplysingar.

Departementet sender framlegg til prosjektspesifikt utgreiingsprogram på høyring til relevante myndigheter og interesseorganisasjonar, og gjer framlegget tilgjengeleg for offentlegheita på internett. Det skal setjast ein rimeleg frist for fråsegner, som ikkje bør være kortare enn 6 veker.

Departementet kan fastsetje utgreiingsprogrammet på bakgrunn av framlegget og innkomne høyringsfråsegner.

Det kan ikkje fastsetjast fleire utgreiingsprogram for same areal samstundes.

§ 5. *Handsamingsgebyr*

For handsaming av kvar melding med utgreiingsprogram, skal det betalast eit gebyr som vert fastsett av Olje- og energidepartementet, og som innbetalast staten ved Noregs vassdrags- og energidirektorat.

Dersom gebyr ikkje er betalt inn, vil meldinga ikkje verte handsama.

§ 6. *Innhaldet i prosjektspesifikk konsekvensutgreiing*

Den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga skal tilpassast omfanget på energianlegget, og utarbeidast i tråd med fastsett utgreiingsprogram. Den skal innehalde ein omtale av eventuelle tidlegare konsekvensutgreiingar for prosjektområdet.

For energiprojekt som også skal konsekvensutgreiast etter energilova, kan det utarbeidast felles konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiinga etter fyrste ledd skal gjere greie for energianlegget, og skal minst omhandle:

- a) anlegget sine fysiske eigenskapar og planlagde tekniske løysingar, lokaliseringa og arealbruken i både bygge- og driftsfasen
- b) ei skildring av alternative utbyggingar som søkar har undersøkt og ei grunngjeving av val av utbyggingsløysing og prosjektområde, ei utgreiing av kriteria for val som er gjort, og tilknytning til nettanlegg og eventuell samordning med petroleumsverksemd
- c) dei viktigaste trekka ved tiltaket i driftsfasen, som energibehovet til tiltaket, energibruken, energiløysingar, trongen for transport og typen og mengda naturressursar som vil bli brukt
- d) eit overslag for typen og mengda avfall, reststoff, utslepp og ureining som vil bli produsert i bygge- og driftsfasen
- e) påverknad knytta til klimaendring
- f) alternativa til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstillaren har vurdert
- g) ei vurdering av kva løyver, godkjenningar eller samtykker det skal søkast om etter elles gjeldande lovgjeving
- h) ein tidsplan for gjennomføringa
- i) ei skildring av tiltak ved nedlegginga av energianlegget.

I konsekvensutgreiinga etter fyrste ledd skal det gjevast ei spesifisert skildring av og vurdering av verknaden energianlegget kan ha for miljø og samfunn, som minst skal omhandle:

- a) botntilhøve og vassmiljø
- b) kulturminne, kulturmiljø og landskap

- c) fugl, fisk, naturtypar og anna naturmangfald
- d) aktuelle tema for miljøovervaking
- e) fiskerinæring og anna næringsverksemd
- g) samisk natur og kulturgrunnlag
- h) risiko for ulukker og beredskap
- i) forsvarsinteresser og skipstrafikk
- j) muleg påverknad på økosystemtenester
- k) friluftsliv
- l) ureining til sjø, luft, grunn og støy
- m) klima.

Konsekvensutgreiinga skal innehalde ei skildring av noverande miljøtilstand og eit oversyn over korleis miljøet truleg vil utvikle seg dersom planen ikkje vert gjennomført.

Skildringa skal omfatte positive, negative, direkte og indirekte verknadar på kort og lang sikt. Samla verknadar av anlegget i lys av allereie gjennomførte, vedtekne eller godkjende planar i influensområdet skal vurderast.

Dersom planen eller søknaden omfattar fleire alternative løysingar, skal det gjerast greie for konsekvensar desse vil kunne ha for miljø og samfunn, og ei grunngjeving for forslagsstillar sitt alternativ.

Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon. Dersom det manglar kunnskap om viktige tilhøve, skal slik informasjon hentast inn. Der det vert innhenta ny kunnskap, skal denne systematiserast i samsvar med føreliggjande standardar og gjerast tilgjengeleg for myndigheitene.

Utgreingar og feltundersøkingar skal følgje anerkjent metodikk og utførast av personar med relevant fagleg kompetanse. Det skal kort gjerast greie for datagrunnlaget og metodane som er nytta for å skildre verknadar, og eventuelle faglege eller tekniske problem ved innsamling og bruk av data og metodar. Konsekvensutgreiinga skal gjere greie for kunnskapsmanglar og tilhøve det er uvisse om.

Konsekvensutgreiinga skal skildre tiltak som er planlagde for å redusere vesentlege negative miljøverknadar. Skildringa skal omfatte planlagd miljøovervaking.

Departementet kan krevje ytterlegare utgreingar og informasjon.

§ 7. Søknad om konsesjon

Innan to år etter at departementet har fastsett utgreiingsprogram for eit prosjektområde, skal den som har søkt om fastsetjing av utgreiingsprogrammet, sende inn søknad om konsesjon til departementet. Den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga skal leggjast ved søknaden.

Søknaden skal minst innehalde opplysingar om:

- a) søkaren, søkaren si verksemd, eigartilhøve og finansielle kapasitet. Dersom søknaden omfattar fleire søkarar, skal alle namn, adresser og nasjonalitetar gjevast opp
- b) kven i Noreg som skal vere representant andsynes departementet
- c) kva for område det vert søkt konsesjon for
- d) om det også vert søkt konsesjon etter energilova, t.d. for tilknytning av energianlegget til kraftnettet på land
- e) ei skildring av det planlagde prosjektet:

- estimert installert yting
- estimert årsproduksjon
- løysing for tilknytning til kraftnett
- kostnadsoverslag
- vurdering av lønsemda i prosjektet
- potensialet for konflikt med andre interesser.

Departementet kan krevje ytterlegare opplysingar.

Departementet sender konsesjonssøknaden med prosjektspesifikk konsekvensutgreiing på høyring til relevante myndigheiter og interesseorganisasjonar, og gjer dette tilgjengeleg for offentlegheita på internett. Det skal setjast ein frist for fråsegner, som ikkje bør være kortare enn 6 veker.

§ 8. Vedtak om konsesjon for energianlegg

Departementet gjer vedtak om tildeling av konsesjon og godkjenning av prosjektspesifikk konsekvensutgreiing etter havenergilova § 3-1 og § 3-2 på bakgrunn av søknad om konsesjon og konsekvensutgreiing for energianlegg. Departementet skal grunngje vedtaket. Konsesjon kan gjevast for inntil 30 år frå anlegget er sett i drift.

Det skal stillast vilkår for å unngå eller avgrense vesentlege negative verknadar for miljø og samfunn.

Departementet skal der det er naudsynt stille krav om overvaking av vesentlege negative verknadar av tiltaket for miljø og samfunn. Dersom det vert stilt krav om overvaking, skal departementet fastsetje framgangsmåten, varigheita og omfanget av overvakinga.

§ 9. Søknad om godkjenning av detaljplan

Søknad om godkjenning av detaljplan sendast Noregs vassdrags- og energidirektorat innan to år etter vedtak om konsesjon.

Søknad om godkjenning av detaljplan skal innehalde dei opplysningar som følgjer av konsesjonen, og elles skildre den planlagde oppføringa av energianlegget, og skal gjere greie for økonomiske, ressursmessige, tekniske, miljø- og tryggleiksmessige tilhøve ved utbygging og drift av energianlegget. Noregs vassdrags- og energidirektorat kan krevje alternative løysingar utgreidd. Detaljplanen skal minst innehalde følgjande:

- a) planlagd tidspunkt for starten på byggearbeid og ferdigstilling av energianlegget
- b) teknisk skildring av utbygginga
- c) ei skildring av planlagd drift og finansiering av energianlegget
- d) plan for nedlegging og fjerning av energianlegget
- e) endringar i dokumentasjonen som vart brukt for å søke konsesjon.

Noregs vassdrags- og energidirektorat kan krevje ytterlegare informasjon.

§ 10. Vedtak om godkjenning av detaljplan for utbygging og drift av energianlegg

Noregs vassdrags- og energidirektorat gjer vedtak om godkjenning av detaljplan, og skal grunngje vedtaket. I grunngjevinga skal det komme fram kva vilkår som er knytt til godkjenninga og eventuelle føresetnadar om tiltak som skal redusere negative miljøverknadar.

Endringar frå detaljplanen skal meldast til Noregs vassdrags- og energidirektorat, som kan krevje søknad om endra detaljplan.

Noregs vassdrags- og energidirektorat skal godkjenne detaljplanen for utbygging og drift av energianlegget før arbeidet med bygging av energianlegget tek til.

Energianlegget skal setjast i drift innan tre år etter vedtak om godkjent detaljplan for utbygging og drift av energianlegget. Eit anlegg er sett i drift når energi eller elektrisitet er produsert og transportert ut av prosjektområdet.

§ 11. Forlenging av fristar

Etter søknad kan departementet gje forlenging av fristar som følgjer av §§ 7 fyrste ledd, 9 fyrste ledd og 10 siste ledd. Fristane kan forlengast med inntil to år av gongen.

Brot på fristar kan føre til bortfall av godkjenning av melding med prosjektspesifikt utgreiingsprogram, konsesjon eller detaljplan.

Kapittel 3 – Erstatning til fiskarar

§ 12. Nemnd for handsaming av krav

Krav etter havenergilova § 9-2, som følgje av bandlegging av fiskefelt, vert handsama av ei nemnd, som er samansett av ein representant for Fiskeridirektoratet, ein representant frå Noregs vassdrags- og energidirektorat og eitt medlem som fyller krava til dommarar.

Nemnda skal handsame krav etter havenergilova § 9-2 innan fire månader frå det tidspunktet kravet kom fram til nemnda sitt sekretariat, jf. § 17. I særlege tilfelle kan nemnda forlenge sakshandsamingstida.

Krav som følgje av forureining og avfall etter havenergilova § 9-3 og innretningar som gjer skade etter lova § 9-4, handsamast av ei nemnd samansett av ein representant for fiskeriorganisasjonane, ein representant for selskap med konsesjon etter havenergilova § 3-5 og eit medlem som fyller krava til dommarar.

Medlemmen med dommarkompetanse er nemndene si leier.

Nemndene tek avgjerd ved fleirtalsvedtak.

§ 13. Klagenemnd

Vedtak gjort av nemnd for handsaming av krav jf. § 12, kan klagast på innan to månadar til ei klagenemnd som er samansett av ein representant kvar frå høvesvis Fiskeridirektoratet, Noregs vassdrags- og energidirektorat, fiskeriorganisasjonane, selskap med konsesjon etter havenergilova § 3-5 og eitt medlem som fyller krava til dommarar. Forskrifta § 12 fjerde og femte ledd gjeld tilsvarande.

§ 14. Oppnemning av nemnd og klagenemnd

Nemndene omtala i §§ 12 og 13 vert oppnemnde av Kongen for to år av gongen. Det oppnemnast eit varamedlem for kvar medlem.

§ 15. *Bevisvurdering ved solidaransvar*

Ved bevisvurdering etter regelen om solidaransvar etter havenergilova § 9-3 sjette ledd skal det særleg leggast vekt på:

- a) kva gjenstand som har gjort skaden, om dette kan bringast på det reine
- b) posisjon for skadehendinga
- c) skaden eller typen skade
- d) forløpet til skadehendinga
- e) røynsle frå tidlegare fiske i området.

§ 16. *Framsetjing av krav*

Krav om erstatning vert fremja på nærare fastsett skjema og sendast, via Fiskeridirektoratet sine regionkontor, til nemnda sitt sekretariat.

§ 17. *Sekretariat*

Sekretariatet for nemndene vert lagt til Fiskeridirektoratet.

Kapittel 4 – Ymse føresegner

§ 18. *Vilkår*

Departementet kan setje vilkår i vedtak etter denne forskrifta av omsyn til allmenne eller private interesser.

§ 19. *Meteorologiske data*

Konsesjonær skal sørge for at produksjonsanlegg vert utstyrte med instrument for registrering av data om meteorologi etter tilråding frå Meteorologisk institutt. Data skal sendast fortløpande til Meteorologisk institutt og gjerast offentleg tilgjengeleg.

§ 20. *Kontroll*

Noregs vassdrags- og energidirektorat fører kontroll med at reglar eller vedtak gitt i eller i medhald av denne forskrifta vert overhaldne i medhald av havenergilova § 10-5.

Noregs vassdrags- og energidirektorat gjer vedtak om retting av tilhøve som er i strid med lova eller vedtak gjort i medhald av lova.

Konsesjonæren skal medverke til gjennomføring av kontroll. Dette omfattar mellom anna å skaffe opplysingar og dokumentasjon som er naudsynt for å gjennomføre kontrollen.

Representantar frå Noregs vassdrags- og energidirektorat eller anna myndigheit, skal til ei kvar tid ha tilgang til fartøy og innretningar for energianlegget, samt til føreliggande data og materiale som er naudsynt for gjennomføring av tilsynsverksemd. Representantane skal også ha rett til å delta i undersøkingar. Representantar for myndigheitene har rett til å opphalde seg på fartøy og innretningar så lenge det er naudsynt. Den som har rettar og konsesjonær skal sørge for transport av representantar for myndigheitene til og frå fartøy og innretningar, og for opphald om bord.

§ 21. *Tvangsmulkt*

Noregs vassdrags- og energidirektorat gjer vedtak om tvangsmulkt for å sikre at ei plikt som følgjer av eller i medhald av denne forskrifta eller vilkår som er sette i vedtak eller i medhald av denne forskrifta, vert oppfylte, jf. havenergilova § 10-6.

Tvangsmulka kan fastsetjast som ei fortløpande mulkt eller som ein eingongssum. Tvangsmulka tilfell statskassa. Pålagd tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg.

Kapittel 5 – Ikraftsetjing

§ 22. *Ikraftsetjing*

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2021.